



Han sit inne med utruleg mykje båtstoff

Kva er det Harald Sætre ikkje veit om båttrafikken i vårt fjordmiljø? Svært lite og no har han igjen imponert med å presentera ein viktig del av kunnskapen gjennom ei ny bok. Ho er ein natuleg oppfølgjar av fjorårsboka om fergene og handlar om trafikken frå og tilbake til Bergen, Ikveld kåserte den båtrelste uskedelingen om bok og innhald i desembermøtet til UU og det er ikkje til å undrast over at salet går bra, Boka går nok så bra at ho vert ein suksess både for forfattaren og KAPABEL Forlag- Vi kjem tilbake med stoff om boka og vil no berre slå fast at ho bør ha ein sjølvsgatt plass under juletraet i distriktet,

Under møtet med Sætre vart han presentert som ein utmerka utflytta uskedeling. og vii har ikkje problem med å seia oss einig i den karakteristikken.

Møtet sneia også innom ferdselen til lands då møtelyden kom inn på vegane i dalen. Magne Huglen sette fingeren på ulempene ved at vi har kommuneveg på eine sida og fylkesveg på den andre. Det fører til dømes til at bilar må rygga gjennom dalen og det skjedde sefor nokre få dagar sidan. Huglen meiner at problemet kan løysast ved ein beskjeden investering, kanskje 3000 kroner ved utviding av krysset ved Haugland.

Leiar Kristian Bringedal la fram forslag til ny handlingsplan og etterlyste mellom anna kven som for nokre år sidan vart kåra til årets uskedeling, UU har plaar om å starta opp att tildelinga.

Årsmøtet i UU skal haldast 3. februar- Leiaren inviterte. til satsing på prosjekt, som dei har visse midlar til..

Tekst, foto og nett<. Ola Matti Mathisen